REGION NORDHORDLAND

SEKOM sekretariat
Sekretariat for kommunale kontrollutval

SAMARBEIDSAVTALE

Mellom

Region Nordhordland IKS og SEKOM sekretariat KO

1. Føremål

Føremålet med denne avtalen er å etablere eit forpliktande samarbeid mellom partane for å styrke den operasjonelle robustheita i sekretariatstenestene til kontrollutvala. Avtalen skal bidra til å redusere sårbarheit knytt til for eksempel uføresett fråvær, inhabilitet eller ekstraordinær arbeidsmengde. Samarbeidet skal bygge på gjensidigheit, tillit og fleksibilitet.

2. Avtalen si varigheit

Avtalen trer i kraft 1. oktober 2026 og gjeld inntil den skriftleg vert sagt opp av ein av partane. Oppseiingstida er seks (6) månadar.

3. Avtalte ytingar og samarbeid

Partane forpliktar seg til, innanfor rammene av kapasitet og tilgjengelege ressursar, å yte gjensidig bistand ved behov. Samarbeidet kan omfatte:

- **Sekretariatsbistand** til kontrollutval (f.eks. møteførebuing, saksbehandling, rådgjeving, settesekretariat og koordinering).
- **Bistand til selskapsdrift**, inkludert administrativ støtte, økonomioppfølging, møteprotokollering mv.

Bistand vert ytt etter konkret anmodning og vert avtalt for kvart tilfelle.

4. Økonomiske vilkår

- Bistand inntil **15 timer per kalenderår** ytes vederlagsfritt.
- For bistand utover 15 timer per kalenderår, fakturerar utførande selskap per påbegynt time.

Electronically signed / Sähköisesti allekirjoitettu / Elektroniskt signerats / Elektronisk signert / Elektronisk underskrevet
https://sign.visma.net/nb/document-check/27f833f9-75d6-4c55-822c-265b31a62171
visma sign
www.vismasign.com

Timesats for 2026: kr 800,-
Timesatsen vert regulert årleg i samsvar med endring i konsumprisindeksen, med utgangspunkt i desember føregåande år.

Reiseutgifter: Vert refundert etter gjeldande satsar i Statens reiseregulativ, uavhengig av om terskelen på 15 timer er overskride eller ikkje.

---

5. Praktisk handtering og kommunikasjon

- Bistand vert initiert av dagleg leiar hos den parten som har behov, og vert avklart direkte mellom dei daglege leiarane.
- Partane skal føre enkel oversikt over bistand som vert ytt og er motteke.
- Ved ueinigheit om tolking eller gjennomføring av avtalen, skal partane søke å løyse dette gjennom dialog. Om naudsynt kan det utarbeidast tilleggsavtaler eller retningslinjer.

---

6. Teieplikt og habilitet

Partane er forplikta til å overhalde lovbestemt teieplikt, herunder offentleglova og forvaltningslova. Ved oppdrag for kvarandre skal det alltid vurderast habilitet etter forvaltningslova sine regler. Sekretariatsrollen skal utøvast i samsvar med krav til avhengigheit og integritet.

---

7. Endringar i avtalen

Endringar i denne avtalen skal gjerast skriftleg og vera signert av begge parter for å vera gyldige.

Stad og dato

SEKOM sekretariat KO

Region Nordhordland IKS

Electronically signed / Sähköisesti allekirjoitettu / Elektroniskt signerats / Elektronisk signert / Elektronisk underskrevet
https://sign.visma.net/nb/document-check/27f833f9-75d6-4c55-822c-265b31a62171
visma sign
www.vismasign.com

Rune Heradstveit
Company - Yritys - Företag - Selskap - Virksomhed: Region Nordhordland IKS
c5fcf54c-bf64-4091-956c-f51aa756c001 - 2026-09-17 13:51:07 UTC +03:00
BankID - e49b1deb-7046-477e-9992-d678742ac67b - NO
Authority to sign - Asemavaltuutus - Ställningsfullmakt - Autoritet til å signere - Myndighed til at underskrive

Per Rune Vereide
Company - Yritys - Företag - Selskap - Virksomhed: SEKOM sekretariat
14494932-5b88-4da7-b9a0-0ecfa40d5360 - 2026-09-21 11:50:42 UTC +03:00
BankID - e4864d2f-a749-47f3-8516-2a89e1cd4d39 - NO
Authority to sign - Asemavaltuutus - Ställningsfullmakt - Autoritet til å signere - Myndighed til at underskrive